

SIDEMÅL – «WASTED TIME?»

nynorsk
oraliste

WASTED TIME!

Innhald

Del 1

Kvifor må me læra det, då?	3
Nynorskens skog	4
Kvifor skal me ha sidemål – 5 gode grunnar	5
Kva svarar me sidemålsmotstandarane	
<i>Me har ikkje bruk for nynorsk.</i>	6
<i>Kvifor må me læra å skriva nynorsk?</i>	6
<i>Kvifor må me læra nynorsk over heile landet?</i>	7
<i>Me skjønar jo kvarandre!</i>	7
<i>Sidemål øydelegg for dei som har lese- og skrivevanskar.</i>	8
<i>Det er betre å læra eitt mål godt enn to dårleg.</i>	8
<i>Sidemål er keisamt!</i>	8
<i>Elevane lærer ingenting likevell.</i>	9
<i>Sidemål er tvang.</i>	9
<i>Kvifor eigen karakter i sidemål?</i>	9
<i>Kan me ikkje læra samisk i staden?</i>	10
<i>Nynorsk er vanskeleg.</i>	10
Kva meiner partia om sidemål	12

Del 2

Fakta om sidemål	15
Sidemål = bondebabbel?	16
Krev betre undervisning!	18
Korleis kan du redde sidemålet?	20
Synsing og forskning om sidemål	21
Sidemål i Osloskulen	22

SIDEMÅL – «WASTED TIME»?

Gjeve ut av Norsk Målungdom, Øvre Slottsgate 5, 0157 OSLO

Redaksjon: Gudrun Kløve Juuhl, Eva Marie Mathisen og Astrid S. Dypvik

Bladbunad: Tarjei Vågstøl – Prenteverk: Aktiv Trykk as – ISBN 82-90469-03-9

- Kvifor må me læra det, då?

Sidemålsspørsmålet dukkar med jamne mellomrom opp i norske klasserom, på partikontor, i skulevalkampen og i pressa. Like sikkert som at saka dukkar opp, er det at ho skaper ordskifte, og at det er vanskeleg å verta samde.

Heilt sidan ordninga med obligatorisk sidemål vart innført for snart hundre år sidan, har ho vore til irritasjon for nokon og til glede for andre. Ideen bak innføringa av sidemålet var enkel, men òg på eit vis genial. På starten av 1900-talet var nynorsken på frammarsj, spesielt i skuleverket. Åtte år etter at skulane sjølve fekk velja opplæringsmål, hadde mellom 8 og 9% av skulane i landet gått over til nynorsk. Frå 1905 til 1907 bytte meir enn 300 skulekrinsar til nynorsk. Landet var i ferd med å verta språkleg kløyvd. Alternativet til å kløyva landet var «å kløyva mannen» – å sikra seg at alle lærte både måla. Då sidemålet vart innført i 1907 vart Bjørnstjerne Bjørnson og Riksmålsforbundet rasande. Dei ville ikkje at ungane skulle læra å skriva nynorsk. «Bondens sene, nølende ubestemte Maade at uttrykke sig paa kan være ejendommelig og have sin Interesse; men vi vil have det raskere, klarere – vi har ikke Tid til slikt Sludder», sa Bjørnson i eitt av dei vidgjetne føredraga sine om «landsmaalet». Den gong som no hang sidemålsmotstand og nynorskrotsand tett saman.

Kraftige åtak frå Høgre

Eit av dei kraftigaste åtaka mot det obligatoriske sidemålet nokonsinne kom i fjor haust, då byrådet i Oslo gjekk inn for å gjera sidemålet valfritt. Høgrebyrådet fekk ikkje berre med seg dei opplagte sidemålsmotstandarane i Framstegspartiet. Òg Arbeidarpartiet og SV signaliserte at dei ville stø framlegget. Etter mykje rabalder og fleire opprivande ordskifte i pressa og i partigruppene, sikra Høgre og Arbeidarpartiet fleirtal for ein søknad om ei mellombels «forsøksordning» med valfritt sidemål i Oslo. I desse dagane har oslobyrådet sendt ein søknad til departementet om å få gjera unntak frå læreplanen. No skal Utdanningsdepartementet avgjera saka. Vedtaket derifrå vil vera heilt avhengig av kven som har makta i Utdanningsdepartementet når valkampen er over. Eit ja på søknaden vil vera eit grønt ljós til sidemålsmotstandarar over heile landet, medan eit nei må verta fylgt opp av tiltak for å betra undervisninga.

Sidemålet hjelper med å forstå

Sidemålsordninga er ei godtaking av nynorsken. Sjølv om nynorsken er eit mindretalsmål, er han ein sentral del av kulturen og saga vår. Skal norskfaget framleis vera eit kulturfag, må det òg ha plass til nynorsk. Sidemålet gjer det òg lettare å forstå; på det reint språklege planet er sidemålet med på å gjera det lettare å forstå dialektane. Om ein veit at det heiter "mjelk" på Sotra og at det heiter "mjølk" i skriftleg nynorsk, er det ikkje so vanskeleg å forstå kva "mjølk" på nordmørsk tyder, heller. Om ein i tillegg ikkje trur at sidemålet er ein konspirasjon mot elevane som ikkje bur på Vestlandet, kan det òg hjelpa oss å skjøna meir av den norske kulturen. Tenk – me nordmenn har ikkje greidd å verta samde om kva som er språket vårt – me har faktisk to! Dette syner at den norske kulturen slett ikkje er eintydig, og at han nok aldri har vore det heller. Nynorsken og bokmålet er uttrykk for to motstridande måtar å laga skriftspråk på. I dag er det slik at ein halv million menneske skriv det språket som byggjer på dialektene til vanlege folk her i landet – nynorsken. Kanskje Unge Høgre i staden for å laga slagord av typen "la dem raute på nynorsk" burde ha tenkt over kvifor ein halv million menneske vel å skriva nynorsk.

Norsk Målungdom har laga dette heftet som eit informasjons- og argumentasjonshefte om sidemål. Her finn du korte argument, du kan finna lengre artiklar om undervisningsmetodar og mykje anna. Heftet kan nyttast til å slå opp i, og det kan studerast meir grundig. Vonleg kan alle de som kjem over dette heftet både finna ut meir om kvifor me har sidemål, korleis sidemålet kan fungera og finna gode og nyttige argument for sidemål.

ASTRID SVERRESDOTTER DYPVIK



Astrid Dypvik (23) er leiar av Norsk Målungdom

Nynorskens skog



For nokre månader sidan var eg på ein liten turné i Sveits, Austerrike og Tyskland. Alive & kicking las eg på tysk frå romanen min, Bikubesong. I tillegg til min eigen tyskuttale, var det fleire ting som forundra meg på turneen. Mellom anna lytta publikum intenst konsentrert. I Norge skal publikum helst ha tre-fire øl innabords før dei orkar å høra ein forfattar lese, og då held det med eit kvarter meir eller mindre skjønn litteratur før solen tar over showet, bråkar, hojar og kjem med slibrige kommentarar. Nede i EU sat dei stille og glødande, gjerne i godt over to timar. Ikkje eit host, ikkje eit hark. Eg blei også overraska over dei som presenterte oss skriparar. På heimebane blir ein gjerne kalt både Ole Gryllheim og forfattar av romanen Bikubesong. Ikkje sånn sørpå. Alt var pinlig korrekt. Den tyske innleiaren visste til og med kva dei produserer på fabrikkane heime i Odda (noko eg sjølv er litt usikker på innimellom). Det forundra meg også at delor av publikum var urolig for nynorskens si stilling i Norge. Eg ante ikkje ein gong at dei var merksame på at det finst noko som heiter nynorsk. Men det slo

meg altså seinare; her uttrykker folk langt nede i Europa uro for nynorsken si framtid. Heime er det knapt eit tema. I Norge er det om å gjøre å jage nynorsken så langt inn i nynorskens skog som mulig. Det er sjølvsagt makta som viser seg når det er tilløp til språkdebatt i Norge. Nynorsk er eit mot-språk, nynorsk er ei motkraft. Og det må vere provoserande for makta å sjå at nynorsken er vital og levande, trass alle forsøk på å kneble språket. Riksmålet og bokmålet har alltid vore maktspråk og medspråk her i landet. Alle klisjéane og dei faste vendingane er inkorporert i det språket. Verre er det på nynorsk, du kan ikkje ta det ferdige og slappe språket i bruk på same vis. Det er meir motstand i nynorsken, det krev innsikt og forståing. Du må skape språket på nytt, ditt eige språk, din eigen stil. Så om nynorsken ikkje akkurat er ein gigant i present, så er språket eit viktig bidrag til å stanse for-dumminga i samfunnet. Ein dag vil det gå opp for også andre enn tyskarar og sveitsarar.

FRODE GRYTTE

Kvifor skal me ha sidemål?

– 5 grunnar

1

Sidemål gjev fridom til å velja

Skulen skal gje oss kunnskap til å handla i samfunnet og ta sjølvstendige val. Kva språk ein vil nytta resten av livet, er eit viktig val å ta. Når du har lært både bokmål og nynorsk, har du fridom til å velja sjølv kva språk du vil nytta.

2

Sidemålsundervisning gjev større språkkunnskapar

Resultat frå forskning kring fleirmåle tyder på at ein vert betre i språk av å læra fleire språk. Sidemål gjev oss ikkje mindre, men *meir* språkkunnskap! Nordmenn er dei i Skandinavia som skjønar andre skandinaviske språk best. Dette heng truleg i hop med at me har to skriftspråk som alle lærer.

3

Sidemålsopplæring tryggjer rettane til nynorskbrukarane

Nynorskbrukarane har krav på å verta forstått og ikkje verta nedvurderte på grunn av språket sitt. Nynorskbrukarar har same rettane som bokmålsbrukarar til å få brev og liknande frå det offentlege og lærebøker på språket sitt. For å sikra jamstillinga mellom nynorsk og bokmål, må nynorsk vera ålmennkunnskap.

4

Nynorsk er norsk

Nynorsk byggjer på dei norske dialektane. Dialektane våre har utvikla seg frå gamalnorsk, og difor syner nynorsk samanhengen mellom eldre norsk språk og språket me talar i dag. Difor er nynorskopplæringa heilt avgjerande for å kalla norskfaget for norsk.

5

Du får bruk for nynorsk!

Over ein halv million menneske nyttar nynorsk. Språket får større og større innpass i byane: no fins det skuleklassar med nynorsk hovudmål både i Oslo, Bergen, Trondheim og Tromsø. Nynorsk vert brukt i bøker, aviser, teater, kommunar – på mange ulike område over heile landet. Arbeids- og administrasjonsdepartementet har rekna ut at ein halv million abridsplassar krev at du kan nynorsk. Veit du kvar du kjem til å arbeida seinare i livet?



Kva svarar me side

Ein vert ofte bombardert med mange ulike spørsmål, påstandar og motargument når ein forsvarer sidemålsordninga.

Det ein oppdagar etter kvart, er at det ofte er dei same innvendingane som går att. Det er to slags innvendingar. Den eine går på kvifor me har nynorsk, og kvifor alle bør læra det. Sidemål er som kjent nynorsk for dei fleste, og sidemålsmotstand er ofte i røynda motstand mot nynorsk. Den andre går meir på korleis sjølve sidemålsordninga fungerer. Her er det mange vikarierende argument ute og går. Når nokon til dømes hevdar at dei er mot sidemål av di undervisninga er so dårleg, ligg det ofte under ein tanke om at nynorsk ikkje er so viktig å læra. So når ein ordskiftfest, lyt ein både

1. få fram kvifor det er viktig for alle å læra nynorsk, og
2. plukka frå einannan alle dei vikarierende argumenta.

Her er dei mest nytta argumenta mot sidemål, og hjelp til å svara på dei.



«Me har ikkje bruk for nynorsk.»

1. Du får bruk for nynorsk. Ein halv million arbeidsplassar krev at du kan nynorsk. Veit du kvar du kjem til å arbeida seinare i livet?
2. Sidemål gjer jamstilling mellom nynorsk og bokmål mogleg. For at nynorsk- og bokmålsbrukarane skal vera likestilte og verta forstått over alt, må nynorsk vera òlmennkunnskap. Alle i Noreg har rett til å få svar frå det offentlege på målet sitt, og alle elevar har rett til å få lærebøker på målet sitt. Dei som skriv og omset desse må ha kunnskap i baa måla.

«Me kan godt læra om historia til nynorsken og å skjona det og slikt, men kvifor må me læra å skriva det?»

1. Nynorsk og bokmål er ikkje berre ulike måtar å stava ord på. Dei er ulike språk med ulik historie:
 - a) Ein kan finna att mykje av sin eigen dialekt i nynorsken, nett av di nynorsken byggjer på alle dialektane. Ord som på bokmål er vert sedde på som slang eller «udanna tale», er eigentleg god norsk. Til dømes vert det å seia «gutta» for gutane i Oslo, sedd på som slang, sjølv om det er oslodialekt. Å seia «bilane» for bilane i Vestfold vert ofte sedd på som udanna, sjølv om det er dialekt. Nynorsken fangar opp desse orda. Når ein skriv nynorsk, kan ein bruka dialekten sin som ressurs!
 - b) Nynorsk er ein annan måte å uttryk-

Ålsmotstandarane?

kja seg på. I engelskundervisninga seier læraren ofte: «tenk på engelsk når du skriv». Når ein skriv nynorsk, lærer ein å «tenkja på nynorsk»: å uttrykkja seg klårt og enkelt, verbalt, og å bruka dialekten sin.

c) Både nynorsk og bokmål er offisielle språk. På skulen skal ein få ålmennkunnskap om det norske samfunnet. Språket er den viktigaste berebjelken i kulturen. Språket vårt er ein del av oss, ein del av identiteten vår som norske. Difor må me kunna bae dei norske språka for å kjenna heile kulturen og landet. Eit norskfag der ein berre lærer det eine av språka, vil berre vera eit halvt norskfag.

2. Det er viktig å velja sjølv kva språk ein vil ha som sitt resten av livet. For at alle skal ha høve til å velja sitt eige språk, må ein læra å skriva bae språka på skulen.
3. Ein kan ikkje eit språk før ein kan skriva det. Når me lærer språk, lærer me både å snakka og å skriva det. Ein kan ikkje engelsk om ein berre kan det munnleg.

«Nynorsk er eit vestlandsspråk, kvifor må me læra det over heile landet?»

Nynorsk er ikkje eit vestlandsspråk, av di:

a) Nynorsk byggjer på det som er sams for alle dialektane i Noreg. Nynorsk er ikkje eit bygdemål eller eit bymål. Nynorsk er eit landsmål: eit språk for heile landet. Bokmål er derimot

ikkje norsk i tydinga landsfernande – bokmålet er dansk som er justert etter «finspråket» i dei største byane, fyrst og fremst i hovudstaden.

b) Nynorsk vert brukt over heile landet. I alle dei største byane er det elevlar som veks opp med nynorsk som hovudmål (Oslo, Bergen, Trondheim, Stavanger). Nynorskbrukarar finst i alle fylke i landet, og institusjonar og verksemdar som nyttar nynorsk finn ein både i Oslo (Det norske teatret), på Vestlandet og i resten av landet.

c) Av di nynorsk vert mest brukt på Vestlandet, trur mange at nynorsk er eit vestlandsspråk. Men jamvel om bokmål vert mest brukt i Trøndelag og i Nord- Noreg vil ikkje det seia at bokmål er eit trønderspråk. For 50 år sidan skreiv over halvparten av trønderane nynorsk i skulen, medan 30% av rogalendingane skreiv nynorsk – var nynorsk då eit trønderspråk? Om folk skriv nynorsk eller bokmål har ingenting med korleis dei snakkar å gjera.

Difor – av di nynorsk er eit språk for heile landet, som vert brukt over heile landet – bør me læra det på skulen over heile landet.

«Me skjønar jo einannan sjølv om eg har nynorsk og du bokmål.»

1. Ja, me skjønar einannan. Mykje av grunnen til at det stort sett går greitt for bokmålsbrukarar å lesa nynorsk og for

nynorskbrukarar å lesa bokmål, er at alle får undervisning i begge skriftmåla. Elles hadde me nok skjønna kvarandre slik me skjønar dansk og svensk. Nynorsk er eit norsk språk, og me bør krevja at folk meistrar norsk betre enn svensk.

2. Me har ikkje sidemål berre av di me skal skjønna einannan. Me har sidemål av di nynorsk er ein viktig del av norsk språk og kultur. I norskstimane får me ikkje berre grunnleggjande lese- og skrivekunnskapar: Me lærer om dialektane og dei to skriftspråka våre, og me har språk og litteraturhistorie. Me får felleskunnskap om norsk kultur. Det er naudsynt kunnskap for å skjønna og delta fullt ut i det norske samfunnet.

«Sidemålet øydelegg for dei som har lese- og skrivevanskar og for innvandrarar.»

Feil: Dei som har lese- og skrivevanskar får fritak frå sidemålsundervisninga. Det får òg alle som har norsk som andrespråk, anten fyrstespråket deira er samisk, urdu eller teiknspråk.

«Det er betre å læra eitt mål godt enn to dårleg.»


Dette står i Unge Høgre sine flygeblad, og med det meiner dei at sidemålsundervisninga gjer at elevane vert dårlegare i hovudmålet sitt.

Det er ingen ting som tyder på at ein vert betre i hovudmål av å ikkje ha sidemål. Forskinga tyder på det motsette: at ein vert betre i språk av å læra fleire språk (sjå intervju med forskar Kjell Lars Berge på side 21)

Unge Høgre seier òg ofte at det er so mange elevar som slit med hovudmålet at ein må kutta ut sidemål på vidaregå-

ande ålmennfag. Dette er ikkje basert på forskning på leseevna hjå norske elevar på vidaregåande. Vidaregåande-elevar i Noreg er ikkje dårlegare enn jamaldringane sine elles i Europa til å lesa og skriva. Dessutan: grunnleggjande skrivetrening i hovudmålet driv ein med på barnesteget. Når folk har byrja på vidaregåande ålmennfag, skal dei ha lært seg å skriva hovudmålet sitt.

«Sidemål er keisamt.»



Er dette eit argument for å fjerna sidemålsopplæringa? Det kan me testa på denne måten: Meiner dei som nyttar dette argumentet at alt elevane tykkjer er keisamt, skal fjernast frå læreplanane? Dei som vil fjerna sidemålet av di det er keisamt, vil som regel ikkje fjerna matte og tysk, sjølv om det er fag som mange tykkjer er keisame. Det er mogleg å undervisa godt i sidemål og det er mogleg å undervisa dårleg, nett som i alle andre fag og emne. Det finst få som er konsekvent mot alt som nokon kan finna

keisamt. Då må det vera andre grunnar til at dei er mot sidemål. Til dømes at dei meiner nynorsk ikkje er viktig nok å læra. Dei nyttar det at elevar tykkjer sidemål er keisamt som eit billeg triks for å få sympati på skulevala og framstå som elevane sin ven.

«Elevane likar ikkje sidemål og lærer ingenting likevel.»

Fyrst: det er ikkje heilt sant at elevane ikkje lærer noko. Karaktersnittet er om lag like godt i sidemål som i hovudmål. Når elevane får so gode karakterar, må dei ha lært noko.

Likevel: Om me vil at sidemålsundervisninga skal verta betre, og det vil vel dei fleste som har sidemål, må me finna ut kva som er problem med undervisninga i dag, og korleis dei kan løysast. Problem:

1. Nei, undervisninga er ikkje alltid so god. Det har ikkje vorte gjort noko systematisk arbeid for å betra sidemålsundervisninga. I framandspråk som engelsk og fransk går ein bort frå den gamle puggemetoden i undervisninga, men sidemålsundervisninga heng att i puggeskulen frå femtitalet. Men det er ikkje uråd å laga betre pedagogikk, det har berre vore gjort i alt for liten grad. Me må få ei betre sidemålsundervisning!
2. Det finst mange fordommar mot nynorsk, og dei vert spreidde heile tida. «La dem raute nynorsk, bare vi slippen», var slagordet til Oslo Unge Høyre, og UH i fleire fylke har gjeve ut flygeblad med «spynorsk mordliste» på framsida. Det er opplagt at dette er med og forsterkar negative haldningar til nynorsk. Nynorsk vert kalla grautmål, og mange ser på det som eit litt

gamaldags og keisamt språk. Desse fordommane påverkar både elevar og lærarar sine haldningar til sidemålsundervisninga, og gjer at motivasjonen gjerne er dårleg og at ein tykkjer nynorsken er keisam. Skal fordommar styrta kva me skal læra på skulen?

«Sidemål er tvang.»

Sidemål er nett like mykje eller lite tvang som gym eller at ein må innom islam i religionspensum. Det å ha læreplanar og obligatoriske fag inneber tvang. Dei som ropar høgast om at sidemål er tvang, er ikkje alltid dei som er for mest fridom elles i skulen. Heilt frå Bjørnstjerne Bjørnson si tid har sidemålsmotstandarane klagt over sidemålstvangen. Dette er inkje anna enn eit retorisk poeng, av di dei som er mot «sidemålstvang» sjeldan er mot annan «tvang» i skulen, som obligatoriske fag eller oppmøtetider.

«Det er greitt å ha sidemålsundervisning, men kvifor må me ha ein eigen karakter i sidemål? Nynorsk karakteren øydelegg vitnemålet for mange.»

Nokre seier at dei er mot karakter i sidemål av di dei er mot karakterar, eller mot sidemål av di dei er for valfridom i faga. I dag er skulen og undervisninga styrt av eksamen og karakterar. Ved å fjerna den eigne karakteren i sidemål vil ein gje norsk lærarar som ikkje likar nynorsk fritt spelerom til å lata vera å undervisa i sidemål. Det einaste ein vil oppnå med å fjerna eksamen og eigen karakter i sidemål er difor å svekkja stillinga til sidemålsundervisninga og dimed nynorsken.

Dessutan syner undersøkingar (som Kjell Lars Berge og Britt Skog har gjort) at elevane er betre enn dei trur sjølve i nynorsk.

«Kvifor kan me ikkje læra samisk i staden?»

Det er ikkje nokon motsetnad mellom å læra samisk og nynorsk. Alle er samde om at det er viktig å læra meir om samar og samisk kultur. Men om ein har seriøse intensjonar om at folk skal læra samisk, er ikkje norskfaget den rette staden. Ein må ha eit heilt anna omfang på undervisninga om det skal vera mogleg å læra språket. Sidemål hindrar ein ikkje i å læra samisk. Sidemål aukar tvert i mot den språklege kapasiteten. Å læra meir om samisk er eit godt og fornuftig krav. Om ein vil læra meir samisk, verkar det meir truverdig om ein arbeider for å få meir samisk inn i skulen, heller enn å arbeida mot sidemål.

Elevar i samiske kommunar får opplæring på samisk. Elevar med samisk bakgrunn over alt har rett til å velja samisk som fyrste eller andrespråk.

«Nynorsk er vanskeleg.»

1. Dette er òg ofte eit vikarierende argument frå dei som ikkje er imot å læra andre ting som er vanskeleg, berre nynorsk, av di dei er mot sidemålsordninga frå før.
2. Mykje på skulen er vanskeleg, til dømes matte og tysk. Me går faktisk på skulen for å læra det me ikkje kan frå før. Det er opplagt at det ofte er vanskeleg, men dette er ingen grunn til å kutta det ut. Det må vera kva me tykkjer er viktig, og ikkje vanskegrad, som skal avgjera kva me bør læra på skulen.
3. Nynorsk er ikkje so vanskeleg som ein trur. Undersøkjingar syner at elevar er betre i nynorsk enn dei trur sjølve (Kjell Lars Berge). Det er ofte slik at når ein på førehand trur noko er vanskeleg, kjennest det mykje vanskele-

gare når ein set i gang òg. Det er det me kallar fordommar. Det er ein vanlig fordom at nynorsk er vanskeleg. Karakterstatistikkane syner noko anna. Karakterane i norsk hovudmål og sidemål er om lag like gode (sjå «nyttige fakta om sidemål»). Norsk er heller ikkje av dei faga der karakter-snittet er lågast, langt fleire får «øydelagt» vitnemålet sitt av tysk c-språk eller matte.

4. Likevel tykkjer mange elevar at nynorsk er vanskeleg og at dei ikkje meistrar det. Dette har med fordommar om språket å gjera, og at sidemålsundervisninga ikkje gjer elevane trygge på språket.

Sidemålsundervisninga må gje elevane meir språkleg sjølvtrillit og færre raude strekar i boka!

GUDRUN KLØVE JUUHL

Bokmål eller nynorsk som sidemål?

– Samlaget har ordlista!

Nynorsk ordliste

Alf Hellevik, Kåre Skadberg og Aud Søyland

«Helleviks gule ordliste» er klassikaren blant ordlistene. *Nynorsk ordliste* kom i revidert utgåve i fjor, meir oversiktleg og brukarvennleg enn tidlegare.

NYNORSK ORDLISTE, HEFTA

• 420 sider • kr 88,00

ISBN 82-521-5370-4

NYNORSK ORDLISTE, PLASTINNBUNDEN

• 420 sider • kr 98,00

ISBN 82-521-5559-6

No får Helleviks *Nynorsk ordliste* eit motstykke:

Bokmålsordliste

Håvard Hjulstad og Lars Sødal

Ordlista er nyutvikla av forfattarar med lang erfaring både frå skoleverket og arbeid med ordbøker. Ho inneheld ca. 27 000 oppslagsord, alle med fulle bøyingsformer og fylldige forklaringar.

BOKMÅLSORDLISTE, PLASTINNBUNDEN

• 434 sider • kr 98,00

ISBN 82-521-4028-9

Bokmålsordliste er i sal
frå 22. juni 2001

Du kan kjøpe
ordlistene kvar for seg,
eller få begge to i ein pakke
til redusert pris:
**Pakke med Nynorsk ordliste og
Bokmålsordliste, begge innbundne**

• Kr 176,00 • ISBN 82-521-5861-7

Det Norske Samlaget

SKOLEBOKINFO

Tlf 22 68 76 00

Faks 22 68 75 02

www.samlaget.no

skolebokinfo@samlaget.no

samlaget.no

Postboks 4672

Sofienberg

0506 Oslo



Kringsett av fiendar?

I sidemålsstriden kan det kanskje verka som om me er kringsett av fiendar. Men ser me på kva det politiske landskapet meiner om den obligatoriske sidemålsopplæringa, ser me at det ikkje er slik. Dei som er imot er få, men dei ropar diverre høgast. I den komande valkampen vert det opp til oss og våre allierte å ropa endå høgare. Her er formuleringar henta frå arbeidsprogram, stortingsprogram, utdanningspolitiske manifest og prinsippprogram av ymse slag.

Framstegspartiet

«Norsk skole preges i stadig større grad av reduserte norskkunnskaper blant elever på grunnskolenivå. Det er en utvikling som er svært bekymringsverdig, og Fremskrittspartiet mener at den tvungne sidemålsundervisningen bidrar til å redusere elevenes motivasjon i norskfaget, og å forstyrre elevenes språkkoppløring. Fremskrittspartiet vil derfor fjerne den tvungne skriftlige sidemålsundervisningen, og isteden tilby faget som valgfag. Muntlig sidemål kan inngå som en naturlig del av den ordinære norskundervisningen.»

Fips handlingsprogram 2001-2005

Framstegspatiets Ungdom

«FpU går sterkt i mot tvungen sidemålsundervisning, og ønsker at dette skal kunne tilbys som valgfag.»

«Norskfaget skal legge vekt på å bygge opp elevenes skriveferdigheter i deres hovedmål. Sidemålsundervisning inkluderes ikke i dette obligatoriske pensumet, men gjøres valgfritt for hver enkelt elev.»

Manifest 2000-2002

Høyre

«Høyre vil gjøre den skriftlige sidemålsundervisningen valgfri.»

Høgres Stortingsvalprogram 2001-2005

Unge Høyre

«I dag tvinges du til å lære sidemål, enten det er bokmål eller nynorsk. Tiden du bruker på å lære sidemålet, gjør at du får mindre tid til å lære hovedmålet ditt. Vi synes ikke at du skal tvinges til å lære sidemål. Ideen om valgfrihet er enkel: Velg den målformen som passer deg best. Det er viktigere at du får mulighet til å lære hovedmålet ditt godt, enn at du skal lære to målformer dårlig. Derfor er det på tide at sidemålet blir valgfritt.»

Flygebladet «La dem røte nynorsk...»

Kristeleg Folkeparti

«Kristeleg Folkeparti går inn for at munnleg og skriftleg opplæring i sidemål i ungdomsskolen og vidaregåande skole vert sikra.»

Handlingsprogram 1997-2000

Kristeleg Folkepartis Ungdom

«KrfU meiner at sidemålskarakteren må bestå, både i ungdomsskolen og den vidaregåande skolen.»

Skule- og studentpolitisk program



Venstre

«Skolen skal også gi et solid faglig grunnlag for videre utdanning og arbeidsliv. I grunnskolen må det legges særlig vekt på gode kunnskaper i norsk, matematikk og engelsk. Det er avgjørende for en god skole at respekten for fagene og den innsikt de gir, opprettholdes. Venstre vil holde på den obligatoriske undervisningen i sidemål, og stille krav om at læremidler, også elektroniske, er tilgjengelige på begge målformer til samme tid.»

Unge venstre Unge Venstre

«Norge har to skriftspråk. Unge Venstre mener at disse må være likestilte. Det å kunne ordlegge seg på begge målformer er viktig i mange stillinger, spesielt i det offentlige. Unge Venstre vil derfor opprettholde den obligatoriske sidemålsundervisningen.»

Unge Venstres punktprogram 2000

Senterpartiet

«Senterpartiet vil styrke språkopplæringen. Gode kunnskaper i norsk og fremmedspråk er viktig både i videre studier og i arbeidslivet. Undervisningen i norsk må ta sikte på å utvikle elevenes praktiske ferdigheter i begge målformer. Vi vil derfor fortsatt ha opplæring, karakter og eksamen i sidemål. Opplæringen kan bedres ved å bruke sidemålet også i andre fag enn norsk i avgrensede perioder. Prosjektoppgaver, hjemmeoppgaver og prøver i andre fag kan f.eks. skrives på sidemålet.»

Stortingsprogrammet

Senterungdommens Landsforbund

«Alle elever skal ha grunnleggende opplæring og eksamen i begge de to målformene. Det gis karakter i både bokmål og nynorsk.»

Utdanningspolitisk manifest 1998



Det Norske Arbeidarparti

«Språket er nøkkelen til vår identitet og til vårt fellesskap, til deltakelse og ytring. Derfor må begge våre norske målformer og vårt rike dialektmangfold sikres gode vekstivkår. Nynorsk må fortsatt være et likeverdig skriftspråk i Norge og nynorsk som administrasjonsmål må styrkes, slik at målet om minst 25 % bruk sikres. Obligatorisk sidemålsopplæring i skolen må beholdes.»

Arbeidarpartiets program for 2001-2005



Arbeidarpartiets Ungdomsfylking

«AUF vil at sidemålsundervisningen skal være en del av norsketaget, og ikke en isolert del av norskundervisningen, derfor vil vi avskaffe karakteren i sidemål, og legge sidemål inn som en del av pensum og karaktergrunnlag i norsk skriftlig og norsk muntlig»

AUFs utdanningsprogram 1996

Sosialistisk Venstreparti

SV vil i perioden arbeide for å opprettholde obligatorisk sidemål.

Arbeidsprogram 2001-2005

Sosialistisk Ungdom

Vedtok fråsegna «Fram for sidemålet», til støtte for sidemålsordninga og mot forsøk med valfritt sidemål, på landsmøtet 2000.



Raud Valallianse

«– At nynorskelevne skal få lærebøkene sine til samme tid og pris som bokmåselevne, og at forlagene blir straffa økonomisk om de er for sene med bøkene.» (...) «– Sidemålsundervisninga skal være obligatorisk og eksamineres på lik linje med andre fag.»

Kap 15 (utdanning) i arbeidsprogrammet.

Raud Ungdom

Vedtok fråsegna: «Ja til obligatorisk sidemål» på landsmøtet 2000.

Andre organisasjonar



Elevorganisasjonen

Har inga formulering om sidemål i Politisk Måldokument. I fleire år har denne teksten stått i Politisk Måldokument under «Elevorganisasjonens målsetning»: «– En styrket sidemålsopplæring som ikke avsluttes med karakter, integrert i norskfaget». På Elevtinget 2001 fall denne formuleringa, då det ikkje lenger var 2/3 fleirtal i organisasjonen for å vera mot sidemål.

Lærerforbundet

«Når landet har to offisielle skriftformer av norsk: bokmål og nynorsk, må norskundervisninga i vidaregåande skule også ta høgde for dette. Landsmøtet i Lærerforbundet oppmodar styresmaktene om å leggje til rette for forsøk som styrkjer undervisninga i sidemål.»

Fråsegna «Norskfaget» vedteke på omframts landsmøte 2001

NORSK LÆRARLAG

Norsk Lærarlag

«Når landet har to offisielle skriftformer av norsk: bokmål og nynorsk, må norskundervisninga i vidaregåande skule også ta høgde for dette. Landsmøtet i Norsk Lærarlag oppmodar styresmaktene om å leggje til rette for forsøk som styrkjer undervisninga i sidemål.»

Fråsegna «Norskfaget» vedteke på omframts landsmøte 2001



Regjeringen anmodes om at træffe fornøden
Forføining til, at det norske Folkesprog som
Skole- og officielt Sprog sidestilles med vort
almindelige Skrift- og Bogsprog.

VEDTEKE MED 78 MOT 31 RØYSTER
AV STORTINGET DEN 12. MAI 1885.

Nyttige fakta om sidemål

Lurer du på kva lover og læreplanar eigentleg seier om sidemål, eller om det er sant at sidemål øydelegg vitnemåla til elevane?

Kven har sidemål?

På ungdomsskulen har alle sidemålsundervisning, og karakter i hovudmål og sidemål.

På grunnkurs og vidaregåande kurs, yrkesfagleg studieretning har ein ikkje eigen karakter i sidemål. I måla i læreplanen (både på GK og VK I og II) står det: "Elevane skal ha grunnleggjande kunnskap om rettskriving, formverk og språkføring i hovudmålet"

På grunnkurs og vidaregåande kurs for studieretningane for felles allmenne og økonomisk/administrative fag, musikk, dans og drama og idrettsfag har ein karakter i norsk hovudmål og sidemål og i munnleg. Ein har òg avsluttande eksamen i norsk hovudmål og sidemål.

Under mål i læreplanen står det:

Grunnkurs

«Elevane skal ha grunnleggjande kunnskap om rettskriving, formverk og språkføring i hovudmål og sidemål.»

VKI

«Elevane skal ha god kunnskap om og vere sikre i hovudmål og sidemål. Elevane skal kunne skrive lengre, samanhengande tekstar på hovudmål og sidemål i ulike sjangrar med større krav til innhald, oppbygging og språkføring»

VKII

«Elevane skal kunne uttrykke seg klar og korrekt på hovudmålet og sidemålet.»

Kor mykje undervisning er det?

Det finst ingen målingar som syner kor stor del av norskundervisninga som vert nytta på hovudmål og sidemål.

Men: mange elevar meiner at dei får for lite undervisning til å fylle måla som står i læreplanen.

Det er ikkje spesifisert i læreplanane kor mykje undervisning elevane skal få i sidemål. Det finst ikkje noko minstekrav til kor mange timar læraren skal undervisa i emnet.

Kven får fritak?

Dei som har eit anna morsmål enn norsk får fritak for sidemålsundervisninga.

Dei som har ein individuell læreplan, kan godt leggja han opp slik at dei slepp sidemålsundervisning. Om ein har store lærevanskar, kan ein få ein individuell læreplan. Då får ein heller ikkje eit fullstendig vitnemål.

Forskriftene til opplæringslova

Øydelegg sidemålet vitnemålet for elevane?

Eksamensresultata for tredje klasse ålemnntag dei siste tre åra ser slik ut:

98:	hovudmål: 3,3	sidemål: 3,2
99:	hovudmål: 3,4	sidemål: 3,0
00:	hovudmål: 3,3	sidemål: 3,0

Gjennomsnittskarakteren for alle fag var i 2000 3,2.

Me ser altså at det ikkje er so stor skilnad på hovudmåls- og sidemålskarakteren, og at skilnaden varierer. Kjelde: Karakterstatistikk frå vidaregåande skule.

Sidemål=bondebabbel?

«Er vi et bondefolk?» skreiv Aftenposten på leiarplass då sidemålsordninga vart innført, og på 50-talet kalla riksmålsrørsla nynorsk for «sinkenens babbel». Å kalla nynorsk grautmål eller bondemål har vorte gjort lenge før Oslo Unge Høgre i fjor haust laga flygebladet med teksten: «La dem raute nynorsk, bare vi slipper!»

Sidemålsordninga er inga ny ordning i den norske skulen. I 1907 krancla Høgre og Venstre i tre dagar i Stortinget før dei bestemte seg for at alle måtte læra seg både nynorsk og bokmål. Sidan då har det vore mange store diskusjonar om sidemålsordninga, og det er ikkje berre i dag at sidemålet vart utsett for åtak frå høgre og venstre.

«Eg» eller «jeg»?

I botnen handlar striden om sidemålet om striden mellom bokmål og nynorsk. Denne målstriden har prega Noreg heilt sidan 1800-talet. Nynorsk og bokmål, eller landsmål og dansk-norsk som det heitte før, vart jamstelt i 1885. Når dei fleste talar om sidemål, er det nynorsk dei tenkjer på.

Det er bokmålslevar som klagar på at sidemål er vanskeleg å læra, og sjeldan høyrer ein at nynorskelevar klagar over kvifor dei må læra bokmål. Kvifor provoserer nynorsken slik?

Grunnen til at nynorsk provoserer, er at språk handlar om mykje meir enn kva rekkjefylgje bokstavane står i. I over 150 år har nynorsken vore ein utfordrar til vanlege tankar om kva som er fint og stygt språk, og til førestellinga om at skriftspråket skal byggja på slik eliten snakkar. Striden mellom nynorsk og bokmål handlar om meir enn skilnaden på kvar ein plasserer «e» og «g» i «Noreg» og «Norge». Nynorsken er tufta på alle dialektane i landet, medan bokmål tek utgangspunkt i talemålet til overklassen i byane på 1800-talet, og som me veit freista dei å snakka dansk. Dialektane er ikkje berre ulike måtar å uttrykkja dei same orda på, dei inneheld eit mangfald av ulike ord og uttrykk. Nynorsken har teke opp i seg dette mangfaldet: Nynorskordboka er tjukkare enn Bokmålsordboka. Nynorskordboka inneheld om lag 90 000 oppslagsord, medan bokmålsordboka berre har 65 000.

Nynorsk og bokmål representerer òg to forskjellige ulike tankar om kva den norske kulturen skal vera, og kva og kven han skal byggja på. I dei aller fleste land er skriftmålet laga etter talemålet til eliten, men det treng ikkje vera slik. Det nynorske skriftspråket er laga ut frå talemålet til vanlege folk kringom i heile landet. I Zimbabwe vert no Aasen sin metode med å samla inn dialektprøver frå heile

landet brukt når ein skal skriffesta språket til shona-folket.

I Noreg vert det sett på som bra å bruka dialekten sin, men slik er det ikkje i til dømes England og Tyskland, og slik ville det heller ikkje ha vore i Noreg, utan nynorsken. Det at me har eit skriftspråk i Noreg som byggjer på heile landet, har vore med og gjort at hovudstadskulturen har vorte litt mindre viktig og resten av landet har hatt litt høgare status enn i mange andre land.

Nynorsk og bokmål er daglege konkurrentar om dei same brukarane. Skriv du bokmål, tek du stilling mot nynorsk, og skriv du nynorsk, tek du stilling mot bokmål. Difor spelar det ei rolle om du vel å skriva «eg» eller «jeg»!

Retten til å velja

Ordninga med obligatorisk sidemålsundervising er ei naturleg forlenging av jamstillinga mellom nynorsk og bokmål. Sidemålsordninga er ein garanti for nynorskbrukarar for at dei skal kunne møte språket sitt i t.d. offentlege samanhengar. Tidleg på 1900-talet vart innføringa av sidemålsordninga ei stadfesting av at nynorsken var eit norsk språk, (no er det vel ingeni som tvilar på det lengere), og sidemålsordninga gjorde det slik at fleire kunne få høve til å læra seg nynorsk.

Å læra sidemål handlar om retten til å velja sjølv. For at alle skal kunne taka eit val mellom nynorsk og bokmål, må dei få kunnskap om dei to språka. Det får ein ved å læra seg å lesa og skriva både nynorsk og bokmål. Men i tillegg må ein få kunnskap om tankar kring språka. Kvifor er det til dømes slik at når ein snakkar om ein som er «finsnakka», så tyder det at han eller ho snakkar bokmålsnært? Kvifor er det slik at ein tenkjer at nynorsk er eit bygdespråk? Slike spørsmål må ein få høve til å ta stilling til gjennom sidemålsopplæringa.

Norskfaget er eit av dei viktigaste faga, og fylgjer oss gjennom heile skulen. Norsk handlar ikkje berre om å skriva rett, men òg om kva for tankar som har prega og pregar det norske samfunnet. Dette er kunnskap som alle bør få del i, av di det set oss i stand til å skjønna og handla i det norske samfunnet.

Dårleg undervising

I fjor haust blussa striden om sidemålet for fullt opp igjen då det tidlegare skulebyrådet i Oslo, Bård Folke Fredriksen, gjorde framlegg om å gjera Oslo til ein forsøkskommune der elevane kunne få sleppa å læra sidemål. Kronargumentet var at ein nok vert betre i hovudmålet sitt viss ein kan få sleppa å bruka tid på sidemålet. All forskning som er gjort på dette området, provar det motsette: ein vert flinkare i språk av å læra fleire språk.

Mykje av grunnen til at elevar i dag har eit negativt forhold til å læra sidemål, ligg i sjølve undervisinga. Når ein ordskiptast om sidemål opplever ein ofte det same: undervisinga er jamt over for dårleg, og ein lyt tenkja ut korleis ein kan gjera henne betre. Difor er det bra at me no får eit ordskitte kring sidemålet, men det er ikkje rette veggen å gå å

kutta sidemålet ut frå skulen, eller gjera det valfritt, slik mange vil. Norsk utan sidemål vert berre eit halvt norsktal!

So lenge Noreg har to offisielle skriftspråk, vil det vera strid mellom desse. Å læra om striden gjev oss eit røyntleg grunnlag for å skjønna det norske samfunnet. Difor er det å læra sidemål viktig. Men endå viktigare er det at ein nyttar kunnskapen.

Nynorsk er eit språk som høver for alle her i landet, same kvar ein kjem frå og kva for dialekt ein talar. Det var difor Ivar Aasen brukte nemninga landsmål. Det var eit mål for heile landet, ikkje berre for dei på landet.

AV EVA MARIE MATHISEN

ei avis til å lese

Vi tek **kulturen** på pulsen, og stiller dei **interessante** politiske spørsmåla.

Abonner no, vi veit du ikkje vil angre!

DAG OG TID

Telefon: 22 33 00 97 – Faks: 22 41 42 10
E-post: tinging@dagogtid.no

BLADPENGAR: • 647 kr året • 354 kr halvåret • 195 kr kvartalet



Vil du hjelpe læraren din?

Dette kan du gjera for å få betre undervisning i sidemål

Det finst fleire måtar å læra eit språk på enn å pugga sterke verb. Her er nokre idear du kan koma med til læraren din.

- Bed lærarane om å nytta nynorsk på tavla, og om å få lesa gode og artige nynorske tekstar! Det er skrive meir på nynorsk enn dei gamle klassikarane. Tips læraren om Ragnar Hovland, Frode Grytten, Ragnfrid Trohaug eller Are Kalvø! Di meir nynorsk ein les, di meir får ein språket inn «naturleg» og utviklar språkkjensla. Då vert ein òg flinkare til å skriva språket.
- Få lærarane til å bruka nynorsk i fleire fag enn norsk! Om ein berre nyttar nynorsk i ein norskstil i ny og ne, vert ein ikkje vand med å skriva språket. For å verta god i eit språk, lyt ein skriva mykje. Å nytta nynorsk i alle fag i ein periode av året, gjev gode resultat.
- Bed om å få læra meir om dialekten din og samanhengen mellom dialekt og nynorsk. Medan dialekten er utestengd frå bokmål, er han ein ressurs når du skriv nynorsk. Mange elevar opplever nok nynorsk som fjernt og unaturleg, men dialekten pratar ein jo kvar dag! Om ein lærer om samanhengen mellom dialekten sin og nynorsken, vert sidemålsundervisninga noko som vedkjem ein meir.
- Krev meir undervisning!



Du skal berre sjå at om du kjem med gode idear, so vert sidemålsundervisninga kjekk.

Signhild S. Samuelsen

– elev ved Kristiansand Katedralskule

Eg trur eg har hatt normalt mykje sidemålsundervisning dei siste åra, og læraren si innstilling har nok hatt mest å seia for kva eg har lært. På ungdomsskulen hadde eg ein lærar som totte at nynorsk var bra for bokmålsfolk. Me lærte mykje på dei tre åra, meir enn dei fleste nok vil innrømma. På vidaregåande fekk eg ein lærar som totte at det var teit med to språk. «Samnorsk er det einaste logiske», sa han den fyrste sidemålstimen. Og undervisninga bar preg av det. Oppgåver i grammatikk i åtte timar i strekk gjer deg ikkje glad i eit språk. No i andre klasse fekk me ny lærar, ei riksmålsdame. Dei sjølvutnemnde «nynorskhatarane» jubla. «Sånne folk kan vel'kke lie' nynorsk» tenkte dei, og tok so feil... Fyrste sidemålstimen hadde ho på seg ei t-skjorte med teksten «nynorsk er tøft!». Sukk og stønn. Og eg trur nok klassen må innrømma å ha lært noko nynorsk – av di læraren vil læra vekk!



Fredrik Gustavsen

– elev ved Trondheim Katedralskule

I elevrådet på skulen min har sidemålsundervisninga fleire gonger vore oppe til debatt. Denne debatten har ikkje dreidd seg om det reint politiske rundt sidemålet, men om at sidemålsundervisninga til dei ulike lærarane ved skulen rett og slett er for dårleg. Elevar frå ulike klasser har fleire gonger klaga over at lærarane tek for lett på sidemålsundervisninga og nyttar alt for lite tid på denne delen av norskfagspenumet. Spesielt tredjeklassingane har vore opptekne av dette, då dei meiner at dei har rett til å få undervisning i alle fag, særleg i sidemål – nynorsk for dei fleste av dei, som er eit fag alle må ta eksamen i. Elevane har klaga over nivået på norskundervisninga, og dette vart teke opp med leiinga ved skulen. I etterkant av dette fekk sidemålsundervisninga straks meir merksemd mellom norsklærarane.



Vil du ha sidemålsundervisning i framtida?

Dette kan du gjera for sidemålet

Er du skuleelev?

- Diskuter! Mange er mot sidemål av di dei aldri har høyrte gode argument for kvifor dei bør læra det.
- Få klassen din/elevrådet til å krevja ei betre sidemålsundervisning.
- Få elevrådet/skulen til å ta stilling for sidemål.
- Skriv eit lesarbrev!
- Be inn Norsk Målungdom og Unge Høgre til sidemålsdebatt på skulen din.
- Still spørsmål og hald innlegg om sidemål i skulevalkampen.

Er du med i eit parti?

- Diskuter!
- Forsvar sidemålet i skulevalkampen.
- Forsvar sidemålet inne i partiet! Om partiet ditt er mot sidemål, set i gang ordskifte og ta det opp på fylkesmøte og landsmøte.

Er du ingen av delane, men vil likevel forsvare sidemålet?

- Diskuter!
- Skriv eit lesarbrev.
- Gje dette heftet til nokon som kan ha bruk for det, til dømes politikarar eller elevar på skulen.



Synsing og forskning om sidemål

Nynorsken vert ofte skulda for å stela tid frå andre viktige delar av norskfaget. Andre hevdar at «det er bedre å lære ett mål godt enn to mål dårleg», og at sidemålet difor må ut. Kvar kjem eigentleg desse argumenta frå?

Det er ofte ordskifte om tidsbruken i norskfaget. Sidemålsmotstandarar som har ynskt å prova at sidemålsundervisninga tek mykje tid, har ofte synt til nordiskprofessor Finn Erik Vinje. I ein artikkel i Scola i frå 1993 skreiv han «det antydes at mellom 30 og 50% av undervisningen i bokmålsklasser går med til opplæring i nynorsk sidemål.» Ettersom han er professor skulle ein kanskje tru at han sikkert har rett i det, men Vinje syner ikkje til nokon kjelde for påstanden. Når han vel uttrykket «det antydes», tyder det på at kjeldene hans er vage.


Ulike inntrykk av sidemålet

I ein artikkel i Språknytt 1/2-2001 skriv Kjell Lars Berge, som òg er nordiskprofessor: «hvem det nå er som er kilden for professor Vinjes påstander, er det ikke forskningsbaserte undersøkelser, rapportert på akseptable måter i vitenskaplige rapporter og artikler.» Berge er heller ikkje like overtydd som den aktive sidemålsmotstandaren Vinje om at sidemålet tek so mykje tid. I same artikkel i Språknytt skriv han «... en mer gjennomtenkt slutning (bør) være at det ikke drives systematisk sidemålsundervisning i morsmålsfaget i norske skoler i det hele tatt.»

Er èin betre enn to?

Språknyttartikkelen ga ikkje svar på alle spørsmåla, difor tok eg ein telefon til professor Berge for å finna ut meir om forskning kring sidemål og språklæring. Berge er altså professor i nordisk språkvitenskap, og har mellom anna leidd eit granskingsprosjekt om språkkjølvde lærebøker og språkhaldningar mellom ungdom.

«Det er forska alt for lite på dette feltet her i Noreg. Det er ikkje gjort systematiske undersøkingar av kva sidemålsordninga har å seia for språklæringa til elevane. Ser ein på internasjonale forskingsresultat, er det inkje som tyder på at fleirspråklegheit er eit pedagogisk problem – heller tvert om. Tanken om at dette skulle vera eit problem høyrast gamaldags ut. Det finst knapt nokre språkleg einskaplege samfunn i dag. Det å læra seg fleire språk og det å omgå fleire språk er det vanlege,



og det vert vanlegare», seier Berge.

Karakterstatistikkane sin tale

I dag er det iallfall lite som tyder på at det å lesa både på nynorsk og bokmål skaper språkförvirring. Karakterstatistikkane frå den vidaregåande skulen tyder på det motsatte: nynorskelevane merkar tidleg at me har fleire skriftspråk i landet. Er ein nynorskelev i Oppstryn, møter ein likevel bokmålet kvar dag, ettersom det dominerer i aviser, ungdomsblad, på fjernsyn osv. Ser ein på karakterane i norsk hovudmål og norsk sidemål, finn ein ut at elevane med nynorsk hovudmål i snitt har betre karakterar i både.

Negative haldningar

I samband med granskingsprosjektet om språkkjølvde lærebøker var Berge og Britt Skog (NTNU) med på å avdekkja at det står dårleg til med elevane sine haldningar til nynorsk. Fann de ut kva grupper som er positive eller kva som påverkar haldningane?

– Dette prosjektet var oppdragsforskning for det som då heitte Nasjonalt Læremiddelsenter (i dag Læringsssenteret), og me fekk ikkje tid til å gå inn i materialet med eit grundig kulturteoretisk og -sosiologisk perspektiv. Eg kan likevel seia at det var

(framhald side 23)

Sidemål i Oslo-skulen

– intervju med ein lærar som taklar det

Trudde du det var ei uoverkomeleg oppgåve å undervisa Oslo-born i nynorsk? Toril Torjesen er lektor i norsk og underviser i nynorsk sidemål ved Holmlia Ungdomsskole. Ho tykkjer ikkje det er vanskeleg, men spanande. Me tenkte det kunne vera interessant å intervjuo henne for å høyra korleis det eigentleg er å undervisa i nynorsk i Osloskulen.



Me har ofte høyrte historier om lærarar som seier: «Dette likar ikkje eg, og dette likar ikkje de, men me må berre gjennom dette» når elevane skal ha sidemålsundervisning. Kva tykkjer du om å undervisa i nynorsk sidemål?

– Eg likar svært godt å undervisa i nynorsk sidemål. Grunnen til det er at eg ser nynorsk som ein del av norskfaget og at eitt av dei viktigaste måla mine som lærar er å formidla kulturarven vår vidare til ungdommen i dag. Både nynorsk og bokmål er to sider av språket og kulturarven vår. Både målformene er naudsyn-

te for at me skal kunna forstå oss sjølve som norske språkbrukarar.

Du ivrar for nynorsken. Er elevane dine like ivrige? Korleis er haldningane til faget?

– Eg trur at læraren si haldning er heilt avgjerande! Mange elevar kjem til ungdomsskulen med svært

negative haldningar til nynorsk. Det er her dei største utfordringane ligg – å snu elevane sine haldningar. Det er her lærarane må setja kreftene inn! Det er ei kjend sak at negative haldningar skaper ei sperre i læringsprosessen. I motiveringsfasen er det viktig å presentera for elevane kva dei skal læra, og kvifor. Når elevane skjånar den språkhistoriske bakgrunnen for at me har to skriftsspråk, vert dei meir opne for vidare læring. Stikkord i den fasen er grunngeving og positiv motivasjon.

Deretter kan sjølv læringsprosessen ta til. Eg trur det er viktig å la elevane oppleva nynorsk som ei alminneleg og naturleg språkform. Å nytta nynorsk som tavlespråk, i oppgåvetekstar, prøver, rapportar o. l. er med på å kvardagsleggjere nynorsken.

Toril er ikkje ein heilt vanleg norsk lærar. Akkurat no held ho på med å laga ei lærebok for lærarar i nynorsk sidemål. Ho har bestemte oppfatningar av korleis haldningar til faget kan betrast:

– Eg trur òg det er viktig at nynorsktimeane vert like interessante som andre fag. Undervisningsopplegga må vera varierte og treffa ungdommane. Tekstualet må veljast med omhu. Det nyttar ikkje berre å presentera gamle klassikarar. Me må synleggjere for elevane at nynorsk er eit moderne språk.

Korleis trur du undervisninga i sidemål kan verta betre?

Alf Hellevik
Nynorsk ordliste
Større utgåve

35 000 oppslagsord
Ordbokforlaget
Samslaget

Brukerveiledning
med grammatikk og råd
om god målføring

Tilleggsliste
bokmål - nynorsk
forklaringsliste

Med nye
ord til 1995

– Nynorskundervisninga kan verta betre! Det er ikkje berre elevane som har ei negativ haldning til nynorsk. Mange lærarar har det òg. Ofte kjem det av usikre grunnkunnskapar i nynorsk. Hadde lærarane hatt grunnleggjande kunnskapar, trur eg at mange lærarar hadde hatt ei anna haldning til nynorsk. På dette området treng me ei kompetanseheving!



For at undervisninga i nynorsk skal lukkast, må desse faktorene vera til stades: Læraren må kunna faget, læraren må ha ei positiv haldning, og han bør vera interessert og entusiastisk!

Ar Toril får resultat av det haldningsskapande arbeidet sitt, fekk sjø i fjor haust. Då markerte ein av elevane hennar seg i ordskiftet om obligatorisk sidemål i Oslo. Eleven var sterkt imot å gjera sidemålet valfritt. Kva meiner du sjølv om denne saka?

– Eg meiner at nynorsk skal vera obligatorisk i den vidaregåande skulen i Oslo. Kvifor skal Oslo-elevlar få særhandsaming? Dette er elevlar som har hatt tre år nynorskopplæring på ungdomssteget, og dei stiller godt rusta til sidemålsundervisning på

vidaregåande skule. Eg kan ikkje fatta at politikarar kan meina at Oslo-ungdom skal fritakast for ein so stor del av norske kulturen! Då kan ein spørja seg korleis politikarane oppfattar Oslo-ungdommen. Meiner dei at dei har dårlegare evne til å læra enn annan ungdom i Noreg? Me kan ikkje særhandsamma elevane etter kvar dei kjem frå i landet. Kva med alle nynorskkommunane? Skal ungdomane som kjem frå desse kommunane verta fritakne for bokmålsundervisning? Eg skjønar ikkje logikken her. Eg skjønar ikkje at ein kan skalta og valta slik med kulturarven vår. Kvar generasjon pliktar å læra komande generasjonar om vår eigen kultur. Dette er jo utgangspunktet for at born og unge skal kjenna tilhøyrse til samfunnet i ei tid der dei vert utsette for påverknad frå mange kantar.

Tross i sidemålsfiendslege politikarar kan me etter ein prat med Toril Terjesen konstatere at det er von for sidemålet i Oslo!

HALVARD DAHLE LÆGREID

(framhald frå side 21)

tydeleg at elevlar frå heimar med høg kulturell kapital, heimar med mange bøker og foreldre med høg utdanning, var meir positive enn dei andre gruppene. Neff det var ikkje serleg overaskande. Elles fekk me stadfesta at innstillinga er viktig. Om lærarane er negative, merkar elevane det. I klassar der læraren var negativ, var òg fleire elevlar enn elles negative. Negative elevlar påverkar òg, seier han.

Etterlyser nye prosjekt

Heilt på tampen, har du gode tips til kva me som framleis vil ha sidemål bør gjera?

– Det er viktig å få sett i gang skikkelege forskingsprosjekt. Det trengst nytenking kring sidemålsundervisninga. Nye undervisningsmetodar må prøvast ut systematisk. Det er gjort so alt for lite på dette feltet. Om ein får fram meir forskingsbasert kunnskap står ein òg mykje sterkare i framtidige ordskipte om sidemål, avsluttar Berge.

ASTRID SVERRESDOTTER DYPVIK

VER MED I NORSK

Norsk Målungdom er den einaste organisasjonen og dialektar. Norsk Målungdom arbeider for

- Meir nynorsk

Nynorsk byggjer på dialektar frå heile landet, det.

- Lik rett til utdanning

For at nynorsk- og bokmålselevar skal ha det same tilbodet i skulen, må data-program og andre læremiddel koma på nynorsk.

- Mangfald

Dei norske dialektane er ein del av kulturmangfaldet i verda. Nei til kulturell einsretting og bokmålisering av dialektane.

- Framleis obligatorisk sidemål

Å læra både nynorsk og bokmål gjev eit betre grunnlag for å kunna ta eit sjølvstendig val mellom språka. Åtak på sidemålet er åtak på jamstillinga mellom nynorsk og bokmål.

Som medlem i Norsk Målungdom er du med i arbeidet for meir nynorsk og like rettar for nynorskelevane, du kan vera med på leirar og konferansar, og du får medlemsbladet vårt i posten fem gonger i året. Det kostar berre 30 kroner å verta med! For å finna ut meir om NMU kan du sjå på heimesida vår

Depotbiblioteket



01sd 32 512

- JA!** Eg vil verta medlem i Norsk Målungdom
- Eg vil vita meir om Norsk Målungdom. Send meg informasjon i posten.
- Eg ha meir informasjon om sidemål.
- Eg vil tinga ___ eksemplar av «Sidemål – Wasted time». Eitt hefte er gratis. Deretter 10 kr pr. hefte.

Navn _____

Adresse _____

Postnummer og stad _____

Fødedår _____ Telefon _____

Skule/arbeidstid _____

NMU
dekkjer
porto

Svarsendingsavtale
171 210 / 4 omd.

NORSK MÅLUNGDOM

Sentrum
0109 OSLO

